



Utdanningsdirektoratet  
Postboks 9359 Grønland  
0135 OSLO

Dato: 13.11.2018  
Vår ref.: 2014/13889-122  
Saksbehandlar: evevaul  
Dykkar ref.:

## **Uttale frå fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) i Hordaland om trafikkopplæring i nye læreplanar**

Syner til Utdanningsdirektoratet sitt arbeid med nye læreplanar, og innspelsrunden til dei førebelse skissene. Frist for å gi innspel er sett til onsdag 14. november. Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) i Hordaland har gitt ein uttale til skissene som ligg føre. Uttalen er ikkje mynta på eit spesifikt fag, men gjeld generelt for ivaretakinga av trafikkopplæringa i nye læreplanar. FTU Hordaland sin uttale finn de under.

Even Vaular  
Rådgjevar ved samferdselsavdelinga

## Trafikkopplæring må vera ein del av nye læreplanar i grunnskulen

Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) i Hordaland viser til Utdanningsdirektoratet sine skisser til nye læreplanar i grunnskulen og ynskjer med dette å gje følgjande uttale:

FTU meiner at læreplanane må innehalde kompetansemål for trafikk- og sykkelopplæring. Dette finn ein ikkje i Utdanningsdirektoratet sine skisser. I dag skal elevane læra å følgja trafikkreglar for fotgjengarar og syklistar (kroppsøving innan 4. trinn), praktisera trygg bruk av sykkel (kroppsøving innan 7. trinn), samt gjera greie for korleis trafikksikringsutstyr hindrar og minskar skadar ved uhell og ulykker (naturfag innan 10. trinn). Stortinget har vedtatt å styrka trafikkopplæringa i barnehage og skule, jf. innstilling S 193 (2016-2017) oppmodingsvedtak 505. Dette er grunngeve med at opplæring i trafikkforståing blir stadig viktigare og at trafikkopplæring i barnehage og skule er ein viktig del av det førebyggjande trafikksikringsarbeidet. Stortinget sitt vedtak må såleis leggjast til grunn for nye læreplanar.

I Hordaland støttar FTU oppom fleire trafikk- og sykkelopplæringstiltak retta mot skulane i fylket, m.a. Sykkelkids i Bergen og omegn, Trafikkfagleg samarbeidsutval sitt arbeid overfor oppvekstsektoren i Nordhordland, Trygg Trafikk sine opplæringstiltak for grunnskulen, m.a. Sykkelpørvøen, samt fleire andre lokale tiltak og initiativ. Eit slikt grasrotarbeid er også viktig for å stimulera fleire kommunar til å jobba meir systematisk med trafikktryggleik, m.a. med godkjenningsordninga «Trafikksikker kommune». Dette vil bli vanskelegare overfor skulesektoren utan forankring i skulen sine egne læreplanar.

Både for Noreg samla sett og for Hordaland fylkeskommune som regional aktør er det sentralt å få fleire til å gå og sykla, både til og frå skulen og elles. Positive effektar er mindre biltrafikk, betre helse, mindre forureining og eit reinare nærmiljø. Samtidig veit me at mjuke trafikantar er langt meir ulykkesutsette enn t.d. dei i bil og dei kollektivreisande. Fylkeskommunen jobbar for sikrere gang- og sykkelveggar, men me må i tillegg syta for at innbyggjarane har god trafikkforståing. Grunnlaget for dette blir lagt i barneåra og skulen er ein arena der me kan nå alle barn.

Ut frå argumentasjon ovanfor ynskjer difor Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland at endelege læreplanar inneheld gode kompetansemål relevante for trafikk- og sykkelopplæringa.

### Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland